



Eirik Knive
Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4321 - 15/2564

Saksbehandlar:
Eirik Bouwer Utne
eirik.utne@meland.kommune.no

Dato:
11.02.2015

Søknad om deltaking i prosjektet Kartlegging og verdsetting av friluftsområde 2015

Meland kommune ved tenesteområde kultur er i gang med førebuinga av gjennomføringa av *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder* i tråd med rettleiar M98-13. Meland søkte om midlar til dette for 2014 og fekk tilskot på kr 40 000 til arbeidet. Vi ønskjer med dette brev å søkje om ytterlege kr 20 000 til arbeidet i 2015.

Det er behov for midlar til digitaliseringa av kartlegginga, noko som står fram som hovudutfordringa i dette arbeidet. Meland har ikkje sjølv kapasitet til å gjere digitaliseringa og er avhengig av ekstern bistand. Vi håpar at samarbeidet med BOF, og overføringa av tildelte tilskot frå 2014 og eventuelt 2015 til dei, kan vere til hjelp for oss i dette. Det er grunn til å understreke betydninga av denne problemstillinga, sidan vi ikkje utan vidare har eigne midlar tilgjengeleg i den storleiken som må til for å få inn ekstern bistand til digitalisering. Vi har òg behov for ei avklaring av innhaldet i samarbeidet før vi kan gå vidare med lokal forankring av kartlegginga og oppstarten av arbeidet er med det satt på vent til mai 2015.

Frå søknad for 2014:

Administrasjonen vil leggje inn betydeleg eigeninnsats i prosjektet, men vil vere avhengig av tilskot til å gjennomføre særleg digitalisering og presentasjonsverktøy og i mindre grad rapportering. Tenesteområdet er avhengig av denne bistanden sidan ein har fleire andre større og ressurskrevjande prosjekt gåande i 2015.

Vi håpar at de kan yte hjelp og tilskot til oss i dette arbeidet, som er svært viktig for friluftslivet og folkehelsa både i Meland og regionen elles.

Vi håpar på positivt svar og ser fram til eit flott registreringsprosjekt og vidare godt samarbeid i 2015.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Framdriftsplan:

Oppgave	Framdriftsplan frå 2014	Ny framdriftsplan 2015
Oppstartsvedtak, inkl. nedsetting av arbeidsgruppe og referansegruppe	Jan/feb	Mai 2015
Første møte i arbeidsgruppa: Metodikk/arbeidsform, få tak i informasjon om friluftsområda, avgrensing områder/test av metodikk	Mars	Juni 2015
Systematisering av eksisterande informasjon, kontakt mot barnehagar og skular (med vekt på tettbygde område)	Mars/april	Juni-aug 2015
Møte i arbeidsgruppa: Avgrensing og skildring av friluftsområde	April	Aug 2015
Møte i arbeidsgruppa: Verdisetting av friluftsområda, ferdigstilling av manuskart og tilhøyrande tabell med eigenskapar og skildring for kvart område	Mai/juni	Sept 2015
Digitalisering av friluftsområda og utarbeiding av enkelt kart på nett (for kvalitetssikring)	<i>Innkjøp juni-okt</i>	<i>Innkjøp sept – nov 2015</i>
Rapportskriving (kort oppsummering av gjennomført arbeid)	<i>Innkjøp/eigen okt</i>	Nov 2015
Kvalitetssikring (evt. ei enkel høyring) og eventuelle justeringar	Okt/nov	Nov-des 2015
Møte i arbeidsgruppa: Korrektur kart	Nov	Des-jan 2015/16
Ferdigstilling av digitalisering/SOSI-fil og kort rapport	<i>Innkjøp/eigen nov</i>	Giskoordinator fylkeskommune des-jan 2015/16
Presentasjon i kommunestyret	Des	Feb 2016

År	Kostnadsoverslag	Sum
2015/16	Administrativ eigeninnsats	112 500
	Arbeidsgruppe diverse	3 000
	Digitalisering og etterarbeid	60 000
Sum		175 500
År	Finansieringsplan	Sum
2015	Eigeninnsats	112 500
	Eigne midlar	3 000
	Prosjektmidlar Hordaland fylkeskommune 2014	40 000
	<i>Prosjektmidlar Hordaland fylkeskommune 2015</i>	<i>20 000</i>
Sum		175 500

Med helsing

Bente Bing Kleiva
leiar kulturEirik Bouwer Utne
kulturkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:

Eirik Knive

Hordaland
fylkeskommune

5020

BERGEN